

**Miljøpartiet
Dei Grøne
Kvinnherad**



Kommuneval- program 2015

Vedteke av programkomiteen 09.06.2015

Tenk globalt – handle lokalt

Målet til Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse.

Økonomien skal vera underordna sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt.

Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

INNHALD

1. Kommunalverksemd

- 1.1. Hovudmål
- 1.2. Tenester
 - 1.2.1. Administrasjon
 - 1.2.2. Respekt for innbyggjarane
 - 1.2.3. Informasjon
- 1.3. Økonomi
 - 1.3.1. Grøn økonomi
 - 1.3.2. Samarbeid med private
 - 1.3.3. Sektorane
 - 1.3.4. Samfunnsbanken
 - 1.3.5. Lånegjelda
 - 1.3.6. Kraftfondet
 - 1.3.7. Eigedomsskatt
 - 1.3.8. Politikk
- 1.4. Skule og oppvekst
- 1.5. Eldreomsorg
- 1.6. Kommunestruktur
 - 1.6.1. Intern struktur
 - 1.6.2. Kommunesamanslåing

2. Fornybar framtid

- 2.1. Hovudmål
- 2.2. Landbruk og mat
- 2.3. Fiskeoppdrett
- 2.4. Reiseliv
- 2.5. Bustadområde
- 2.6. Energiproduksjon
- 2.7. Folgefonnsenteret

- 2.8. Næringsliv elles

3. Klimasmart samferdsle

- 3.1. Hovudmål
- 3.2. Fjelbergsambandet
- 3.3. Haukelibanen
- 3.4. Andre mål

4. Livskvalitet

- 4.1. Hovudmål
- 4.2. Estetikk
 - 4.2.1. Generelt
 - 4.2.2. Sentrumsmiljø
 - 4.2.3. Husnes hotel
 - 4.2.4. Monsternaster
- 4.3. Aktivitetar og fritid
- 4.4. Helse
- 4.5. Alkoholpolitikk
- 4.6. Omsorgsbustader
- 4.7. Kultur

5. Sluttord



FIFTY
SHADES
OF
GREEN

1. Kommunalverksemd



1.1. Hovudmål

- MDG arbeider for at Kvinnherad skal vera ein god kommune å bu og leva i. Kommunen må bli ein medspelar for innbyggjarane, etterkomarane, miljø og natur.
- Det skal vera fokus på livskraftige lokalsamfunn, der folk kan få flest mogleg kommunale tenester så nær der dei bur som råd.
- Respekt og likeverd er nøkkelord for samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane, og mellom innbyggjarane.
- Stimulans skal vera kommunen sitt hovedverkemiddel når det gjeld å oppmuntra innbyggjarane til innsats for gode og framtidsretta føremål.
- Kommunen skal konsentrera seg om lovpålagde oppgåver. Tiltak som er andre instansar sitt ansvarsområde må prioriterast bort.
- Kortsiktige tiltak må erstattast med langsiktige løysingar. I den grad kommunen skal låna meir pengar, må det berre vera til tiltak som gir stor effekt på lang sikt.
- Ei ordning som fungerer skal aldri skiftast ut, med mindre den nye ordninga er vesentleg betre.
- Pensjonistar er ein ressurs som må nyttast, til beste for dei sjølve og samfunnet elles.
- Kommunen skal stimulera til lokal aktivitet og produksjon. Kortreist skal prioriterast framfor langreist.
- Kommunen må starta omlegginga til ein ny kurs i dag, fordi ei omstilling til det framtidige berekraftige samfunnet vil måtta gjerast gradvis over mange år.
- Miljø- og klimaspørsmål skal ha auka merksemd i det kommunale planarbeidet, og alle etatsjefar skal ha eit utvida ansvar for at dette arbeidet vert prioritert høgt.

1.2. Tenester

1.2.1. Administrasjon

MDG meiner at administrasjonen må byggjast rundt høgt kvalifiserte medarbeidarar, som legg for dagen stor arbeidsiver, og som har fokus på framtida. Ein må vurderer om modellen med flat organisasjon, der kvar verksemd administrerer seg sjølv, med eige budsjettansvar, har utspelt si rolle. Følgjeleg må det også vurderast om administrasjonen skal samlast i rådhuset, og utførast av personell som har spesialkompetanse på dette, slik at verksemdene i større grad får driva med det som er primæroppgåvene deira. Resultatet bør bli fleire og betre tenester utført for dei same kronene.

1.2.2. Respekt for innbyggjarane

FN sin konvensjon om menneskerettar skal respekterast. Funksjonshemma og andre grupper og einskildindivid som ikkje er ressurssterke nok til å kjempa for eiga sak, har krav på ekstra hjelp og

omtanke frå kommunen. Kommunalt tilsette på alle nivå må opptre ut frå ei erkjenning om at dei er der for innbyggjarane sin del.

1.2.3. Informasjon

På informasjonssektoren har denne kommunen stort forbedringspotensial. Dette gjeld både administrativt og politisk inn mot innbyggjarane, men også ut mot omverda. Skiltplan må oppdaterast, og effektuerast. Nettsider og brosjyremateriell må oppgraderast. All informasjon som går ut må kvalitetssikrast. Villeiande eller manipulerande informasjon må aldri førekomma.

MDG vil at det skal utgreiast ei ombudsordning for innbyggjarane, med særleg vekt på dei gruppene som har lita evne til å ivareta sine egne interesser.

1.3. Økonomi

1.3.1. Grøn økonomi

Føresetnaden for grøn økonomi er at økologiske og sosiale omsyn vert sette framfor kommersielle interesser. Dagens økonomi byggjer på tilhøvet mellom produksjon og forbruk, drive av ønske om materialistisk velstand. MDG ønskjer ei systemendring der mennesket sine grunnleggjande behov er utgangspunkt for økonomien.

Kommunen må bli flinkare til å setja tæring etter næring, og ein må snarast skaffa seg herredømme over den økonomiske situasjonen. Kommunale innkjøp skal ta omsyn til berekraft og miljø ved innkjøp og bruk.

1.3.2. Samarbeid med private

Dugnadsånda må utfordrast på område der dette er naturleg. Samarbeid med private må etablerast der dette kan gi vinst for kommunen, og elles der kommuneøkonomien ikkje strekk til. Synergieffekt må vera målsetnad i all planlegging. Varaldsøy, Dill og Fatland er gode døme på prosjekt der kommunen har stor vinst på å vera medspelar i staden for motspelar.

Det må nyttast lokale fagfolk til all planlegging, så sant råd. Dersom det ikkje finst lokal kompetanse på eit fagfelt, må kommunen stimulera til etablering av slik kompetanse.

1.3.3. Sektorane

Dei ulike sektorane i kommunen må ha føreseielege rammer for sine aktivitetar. Endring av rammene må vera grunna på demografiske tilhøve (alderssamansetjing, folketalsauke, særlege utfordringar). Omstrukturering kan difor berre skje innan sektoren, det same med ostehøvel. Dei tilsette som veit kvar skoen trykkjer kan dermed få større påverknad, ved at dei føreslår kva som skal reduserast, og kva som skal styrkjast innan sektoren. Nøkkelord: Endringar som vert sette i verk må gi ei *vesentleg* betring i høve til i dag.

1.3.4. Samfunnsbanken

MDG vil at kommunen skal etablere ein «samfunnsbank», som kan disponera inntil 10% av kraftfondet. Ut frå klare retningslinjer kan ein gi lån til kommunale og private tiltak som kan dokumenterast å ha stor samfunnsnytte på lengre sikt. Rente skal ikkje krevjast i pengar, men i kalkulert samfunnsnytte av tiltaket.

1.3.5. Lånegjelda

Kommunen har i dag ei ufatteleg høg lånegjeld, som aukar år for år, utan nemneverdige nedbetalingar (kr 1.146.000.000,- pr april 2015). Dette må ta slutt snarast, slik at ny gjeld berre kan stiftast i tilfelle der den dokumenterte framtidige samfunnsnytta er svært høg.

Ekstraordinær nedbetaling av lånet kan synast lite aktuelt nett no, fordi renta er låg. Men den dagen renta på kraftfondet er negativ i høve til renta på eksisterande lån, må slik ekstraordinær nedbetaling skje straks.

1.3.6. Kraftfondet

MDG vil arbeida for å redusera risikoen i fondet og sikra ei best mogleg avkastning uavhengig av om børsen går opp eller ned. Det er svært uheldig at kommunen sin økonomi er så sterkt avhengig av svingande aksjekursar.

MDG meiner også at det snarast må vurderast om Kraftfondet (kr 560 000 000,- pr april 2015) bør avviklast medan det er på topp. Sparing i fond er risikosport (kfr Terra-saka i Haugesund). Ein fersk risikoanalyse syner ein worst case fondsverdi på 150 mill, i så fall eit tap på 410 mill, noko som ville vera tragisk for kommunen.

Ved eventuell avvikling kan pengane nyttast til langsiktige lønsame investeringar, til dømes *SKL* og *Samfunnsbanken*. Det må også vurderast om noko skal nyttast til nedbetaling av den store lånegjelda. Det kan verka ulønsamt vurdert mot dagens låge rentenivå, men lønsamt vurdert mot dagens høge risikonivå.

Uansett må det vera eit krav at plasseringane er forankra i ein politisk vedteken instruks, der klima, miljø og moral utgjør dei berande elementa (kfr krav som også vert stilte til Statens pensjonsfond utland).

1.3.7. Eigedomsskatt

MDG går inn for å ha eigedomsskatt permanent, slik at vilkåra er fastlagde ein gong for alle. Derimot kan satsen endrast for kvart år, og satsen kan gjerne vera lik null dersom kommunen kjem i ein god økonomisk posisjon.

1.3.8. Politikk

Kommunestyret må reduserast til 27 representantar, som er lova sitt minimum. I tillegg til at det vert billegare for kommunen, vert arbeidet som politiskar meir interessant, ved at kvar politiskar får større innverknad.

Kvinnherad må ta seg av primær oppgåvene først, og syta for at menneskerettane blir tekne på alvor. Denne problemstillinga må gjennomgåast, med tanke på å kartleggja om kommunen bryt elementære menneskerettar. Tiltak må i så fall setjast i verk for å retta dette opp.

Driftsutgiftene i kommunen er for høge. Kommunestyret må difor kjenna eit overordna ansvar for å gjera noko drastisk med dette.

1.4. Skule og oppvekst

MDG meiner at samfunnet si viktigaste oppgåve er å sikra at born og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtrillit og sjølvinnsett og med forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølv og

omgivnadene sine. Ein god offentleg skule skal vera hjørnesteinen i skulesystemet og tilby både pedagogisk mangfald og tilrettelegging for det einskilde barnet. Nærskuleprinsippet er eit viktig utgangspunkt for at born med ulik bakgrunn skal møtast og læra å respektera kvarandre.

Skuledrifta i kommunen må omstrukturast for å få meir undervisning av kvar krone. MDG vil likevel ha som utgangspunkt at det ikkje er naudsynt med skulesamanslåingar i valperioden.

Skulebruksplanen som er under arbeid vil måtta danna grunnlag for kva som skal skje deretter.

Pedagogane som arbeider i skulen må ha eit avgjerande ord med i laget når strukturendringar skal gjerast.

Omstruktureringa må difor i denne perioden koma mest på det driftsmessige og administrative området. Så mykje av administrasjonen som lova tillèt, må tilbakeførast til rådhuset, slik at pedagogisk personell i hovudsak får arbeida med det som er fagområdet deira.

MDG er uroa over underbudsjetteringa som har funne stad i skulen i kommunen gjennom fleire år, og skule vil vera eit av satsingsområda for partiet. MDG ønskjer at det så fort som råd etter valet vert lagt fram ein rapport om kor vidt skulen har dei ressursane som trengst for å tilby elevane ei best mogleg undervisning og læring. Som ein del av dette arbeidet vil det også vera naturleg å sjå nærare på organiseringa i skulen.

1.5. Eldreomsorg

Eldreomsorga må utviklast og organiserast på ein rimelegare måte, slik at det vert tilbod til fleire, samstundes som tilbodet blir større. Modulbygg gir til dømes langt meir for pengane, og medfører kortare ventetid, enn tradisjonelle byggemetodar, jamfør *Panorama Senter* på Husnes.

Tilbodet til dei eldre er for det meste godt i Kvinnherad, men slik MDG ser det så er det altfor få som får det tilbodet dei burde hatt, og ventetida for å få sjukeheims plass er for lang. Dessutan er somme av dei svakaste råka av avgrensingane som er sette i den vedtekne standarden. Dette må tilpassast, slik at alle får eit tilbod som dei er nøgde med, og som kommunen kan vedstå seg.

MDG ønskjer at eldre som bur på sjukeheimar og andre eldreinstitusjonar i kommunen skal få fersk, varm og kortreist mat av høg kvalitet. Måltida på institusjonane skal vera eit av dei daglege høgdepunkta for dei som bur der.

Eldreomsorg i heimen, utført av familien, må stimulerast, ved hjelp av eit fleksibelt system, og med relevant økonomisk støtte til familien.

MDG vil gjerne innføra *Tryggleikssjukepleiar* i Kvinnherad, etter mønster frå mellom anna Bergen. Der tilbyr kommunen førebyggjande heimevitjing til eldre (75+), med føremål å skapa tryggleik og trivsel, og dessutan å gi råd og rettleiing om helsebevarande og førebyggjande tiltak. Informasjon om aktivitetar og tilbod i nærmiljøet er også ei oppgåve for tryggleikssjukepleiaren.

MDG vil nytta *Eldrerådet* meir aktivt, og rådet skal nyttast som eit viktig rådgivande organ for kommunen. Før viktige saker som gjeld dei eldre vert endeleg avgjorde, skal *Eldrerådet* ha høve til å gi ei orientering i kommunestyret.

1.6. Kommunestruktur

1.6.1. Intern struktur

MDG går inn for ein ny organisasjonsstruktur, med ein sterk rådmann på topp, og ein pyramidestruktur nedover, slik dei fleste bedrifter har det, også dei offentlege. Rådmannen må ha god realkompetanse, gjerne jurist med økonomikompetanse, og gjerne med bakgrunn frå både privat og offentlig verksemd. Kommunalsjefstillingane bør truleg fjernast, men dette må vurderast i samråd med ny rådmann.

Administrative oppgåver må så langt råd tilbakeførast til rådhuset, til personell som er drilla i slikt, og som kan handtera mange verksemdar og fagområde samstundes. Fagpersonellet ute i verksemdene får dermed konsentrert seg om å utføra dei oppgåvene som dei er spesialistar på.

Trass i visse føremoner, har verksemdleiarmodellen, som vi har hatt i ein del år, synt seg å ha klåre ulemper. Dels fordi personell jobbar med feil oppgåver ut frå kompetanse og stilling, og dels fordi modellen har vore kostnadsdrivande.

Generelt ønskjer MDG meir juridisk fagkompetanse inn i leiinga av kommunen.

1.6.2. Kommunesamanslåing

Kvinnherad er ein dyr kommune å driva i dag, i hovudsak på grunn av svært upraktiske grenser. Då dagens kommunegrenser vart vedtekne på sekstitalet, vart kommunen fordelt på 5 «kontinent», der ein måtte bruka 4 ferjer for å koma frå eine enden til den andre, og 4 ferjer for å koma heim att.

Dersom ny kommuneinndeling kjem på sakskartet i valperioden, ser MDG det som viktig at fleire alternativ vert utgreidde, ikkje minst samarbeid mellom Kvinnherad og Hardanger. Det å greia ut fleire alternativ sikrar ein reell debatt før dei respektive kommunane skal gjera vedtak.

MDG Kvinnherad har ikkje eit fastlåst syn på korleis ein ny kommune bør vera, men ein *Folgefonn kommune* bør vera eitt av alternativa som blir drøfta. Det blir ein kompakt kommune, med korte interne avstandar og relativt gode kommunikasjonar, og der kommunegrensene vil følgja fjorden og andre naturlege skiljelinjer, noko som gir meir lett drivne kommunar.

Forutan Kvinnherad, vil aktuelle kommunar kunna vera Jondal og Odda, kanskje også delar av Etne og Ullensvang. Det må vera ein føresetnad at dei delane av Kvinnherad som måtte bli overførte til andre kommunar, får ei løysing som innbyggjarane der er tente med og nøgde med.

Ein eventuell *Folgefonn kommune* vil kunna bli eit fyrtårn i satsing på grøn industri. Husnes, Odda og Tyssedal har allereie store bedrifter som dei seinare åra har utmerka seg med miljørådgjevinga si. Nye bedrifter må kunna dra nytte av dette, gjennom etablering av eit felles grønt industrimiljø.

Folgefonnhalvøya har eit stort potensiale for utvikling av eit moderne reiseliv med grunnlag i kultur, natur, *Folgefonn senteret* og *Folgefonna nasjonalpark*.

2. Fornybar framtid

2.1. Hovudmål

MDG vil ha ein lukkeleg slutt på det norske oljeeventyret og starta omstillinga til ein meir berekraftig og fornybar økonomi no.

2.2. Landbruk og mat

MDG meiner at landet vårt må vera sjølvforsynt med dei matvarene vi har best føresetnad for å produsera, og vi ønskjer full omlegging til berekraftig landbruk.

Det må satsast sterkare på lokalt landbruk. Det inkluderer i første omgang produksjon av mat og skog, men også lokal vidareforedling av desse råvarene. Tilleggsnæringar som opplevingsferie, bondegardsferie, inn på tunet, jakt, fiske, villmarksliv, handverk og ymse treprodukt, høyrer med i same konseptet.

Berre 3% av arealet i Noreg er dyrka mark, og i dag vert årleg store areal dyrka mark bygde ned. Denne utviklinga må stoppast og snuast. Det må innførast krav om at den som byggjer på dyrka mark, skal skaffa tilbake til samfunnet eit minst like stort dyrka areal (nullvisjonen). Det kan skje dels ved å flytta jorda frå tomta, og dels ved nydyrking. Betre arrondering av eksisterande gardsbruk kan då bli det positive resultatet, slik at drifta blir meir effektiv. Matjord må vernast på lik linje med trua artar, økosystem og naturtypar.

Landbruket må vera berekraftig, basert på lokale ressursar, ikkje på langtransportert soyakraftfôr frå Brasil, som belastar regnskogen enormt.

Kommunen skal leggja til rette for produksjon og bruk av lokal kortreist mat, også i eigne institusjonar. Import av mat frå andre regionar må reduserast til eit minimum.

Mattryggleik er eit nøkkelord for all matforsyning. Lokal mat, lokale utsal, sal av fisk frå båt, er tilbod som kan redusera mange problem rundt mattryggleiken.

2.3. Fiskeoppdrett

Fiskeoppdrett er i utgangspunktet ei grøn næring som kan gi mat til store folkegrupper, basert på naturen sine eigne premisser, og på ein berekraftig teknologi. MDG går inn for at all vekst skal vera i lukka anlegg, og at noverande løysingar med opne merar i sjø skal vera avvikla innan 2020.

Vår kommune ligg på mange måtar godt til rette for ein endå større produksjon enn i dag. Fram til no har likevel problema knytt til fiskeoppdrett vore store, med sjuk fisk og rømming. Det er difor avgjerande at kommunen legg ned ein kraftinnsats for å få herredømme over rømming, smitte, lakselus og forureining. All fisk i sjøbaserte anlegg må merkast, slik at rømt fisk kan sporast tilbake til produsenten.

MDG ser difor på landanlegg som løysinga for oppdrettsnæringa på sikt, og kommunen må stimulera til ei slik utvikling. Samtidig er det svært viktig at eksisterande oppdrettsanlegg vert følgde nøye opp,



for å sikra ei optimal og berekraftig drift, slik at dette blir ei næring som kysten kan leva av i lang tid frametter.

Fisk produsert i landbaserte anlegg bør kunna seljast med eit ekstra grønt svanemerke, slik at forbrukaren også er med på å styra utviklinga i rett lei. Eit slikt merke vil dessutan kunna gi høgare pris for fisken. Gunstige avskrivingsordningar for landanlegg bør også innførast.

Norske oppdrettarar har dei strengaste reguleringane som lakseindustrien har rundt om i verda, og MDG ser det som viktig at norske styresmakter arbeider aktivt for å få på plass eit internasjonalt regelverk for denne næringa, slik at alle arbeider under dei same konkurransevilkåra.

2.4. Reiseliv

Kvinnherad ligg svært godt til rette for eit berekraftig reiseliv og kan difor utviklast til ein reiselivskommune, med reiseliv som ei av hovudnæringane.

Rosendal, med Folgefonnsenteret, Baroniet, Steinparken og Kvinnherad kyrkje, vil framleis måtta vera reiselivsflaggskipet vårt, men det er viktig å stimulera etablering av grønt reiseliv rundt i alle bygder.

Det må etablerast minst eitt nytt hotell i ytre del av kommunen, gjerne eit øko-hotell.

Naturbasert og opplevingsbaserte tilbod, med grøne kvalitetar, må stimulerast. Kortreist reiseliv er også eit område å satsa på, der vestlendingar vitjar andre vestlendingar.

2.5. Bustadområde

Alle bustadområde må planleggjast etter berekraftige og universelle prinsipp. Kommunen må spesielt stimulera byggefirma som er innovative i høve til desse prinsippa. Lokale byggefirma må også oppmodast om å utvikla modulbaserte byggemetodar, så langt råd baserte på kortreiste materialar, produkt og tenester.

2.6. Energiproduksjon

Kvinnherad er ein stor kraftkommune, som forsyner landet med grøen vasskraft. Område som allereie er tekne i bruk til kraftproduksjon, må kunna byggjast ut og effektiviserast maksimalt. Det må difor bli auka satsing på oppgradering av gamle kraftverk og overføringsnett. Det må også bli lettare å få byggja småkraftverk, der det kan dokumenterast god økonomi og samfunnsnytte. Før slike konsesjonar og løyve vert gitt, må tiltaket vegast opp mot eventuelle kolliderande interesser.

MDG vil arbeida for at grøen energi som vert produsert i Kvinnherad i størst mogleg grad vert brukt til grøen industri, gjerne plassert i kommunen vår. Kommunen må setja i gang ei kartlegging av kva alternativ som finst i Kvinnherad, både med omsyn til produksjon av grøen energi, og kva slag grøen industri som kan vera aktuell å etablera.

Døme på slike alternativ kan vera hydrogenproduksjon i Matre (www.hydrogen.no), der produksjonen kan gå for fullt i periodar når straumen er billeg. Biogassproduksjon hos *SIM* på Husnes er eit anna alternativ. Dessutan er det på høg tid at det varme spillvatnet frå *Hydro Husnes* vert brukt til noko nyttig.

Vasskraft er rein berekraftig energi, men utbygging kan ha andre negative konsekvensar. Sidan det meste av nyttbare større vassdrag allereie er utbygde i Kvinnherad, må vidare produksjon

konsentrerast om effektivisering i allereie utbygde område, pluss småkraftverk og ENØK. Urørte område må framleis vernast.

2.7. Folgefonnsenteret

MDG har store forventningar til *Folgefonnsenteret* som skal etablerast i Rosendal. Senteret skal formidla kunnskap om geologi, natur, klima og dei marine økosystema, med sterkt fokus på informasjon, kunnskap og viten. Siktemålet er at senteret skal verta ein verdiskapar både for Kvinnherad og heile Folgefonnhalvøya – til glede for fastbuande og tilreisande.

Samarbeidet som er etablert med verdsleiane forskingsmiljø, som *Bjerknessenteret for klimaforskning* og *Havforskningsinstituttet*, representerer ein eineståande sjanse til å få etablert eit framstående senter for klimaforskning, marin forskning, kunnskapsformidling og naturfagundervisning i Rosendal. Dette vil setja regionen på det nasjonale og internasjonale klimakartet. Samarbeidet opnar også opp for eit svært spanande samarbeid med skular i regionen og næringslivet. Eit delmål med *Folgefonnsenteret* må vera at det skal bli eit kompetansesenter for vidareutvikling av bedrifter i regionen som ønskjer å satsa på utvikling av miljøvenleg teknologi (CleanTech).

Både Regjeringa og Hordaland fylkeskommune understrekar kor viktig det er å utvikla livskraftige lokalsamfunn. *Folgefonnsenteret* er eit prosjekt som vil skapa forskingsaktivitet og framtidretta og kunnskapsbaserte arbeidsplassar i ein region som manglar slik kompetanse. Senteret har også potensiale til å verta ein svært viktig motor for reiselivet på Folgefonnhalvøya, og dei tette koplingane til besøksmåla og innfallsportane til *Folgefonna nasjonalpark* står her sentralt. Desse mindre sentra/besøksmåla treng eit fyrtårn som kan koordinera og marknadsføra alt reiselivet har å tilby på og rundt Folgefonna.

Folgefonnsenteret skal vera ein spydspiss i arbeidet med å marknadsføra Kvinnherad som ein grøn og berekraftig kommune.

2.8. Næringsliv elles

MDG vil at mennesket si skaparkraft og engasjement skal utgjera drivkrafta i økonomien. Vi ønskjer å gi eit mangfald av små, lokalbaserte bedrifter, entreprenørar og samvirkeføretak større rom. Ein demokratisk og mangfaldig økonomi må vera desentralisert.

MDG ønskjer å stimulera til etablering av næringsaktivitet som fremjar utvikling av miljøvenleg teknologi. Viktige fyrtårn i dette arbeidet vil vera *Folgefonnsenteret* og lokale bedrifter som har auka si konkurransekraft gjennom satsing på energieffektiv og klimavenleg teknologi. To bedrifter som her må framhevast er *Hydro Husnes* og *Tizir Titanium & Iron i Tyssedal*.

Kommunen må vera ein pådrivar i å få bygt opp næringsaktivitet i nærmiljøet. Dersom rasjonalisering og samanslåing syner seg naudsynt, må ein freista finna løysingar som ikkje medfører flytting ut av kommunen.

Lokale ressursar må utnyttast maksimalt, men på ein berekraftig måte, slik at vi legg til rette for dei som kjem etter oss, i staden for å bruka opp ressursane.

Butikkar som opprettar eigen kortreist-avdeling, og butikkar som har søndagsstengt, må påskjønast.

For å få fart på småskala næringsliv, bør ein gi fritak frå eigedomsskatt for småbedrifter, eventuelt også for andre sårbare bedrifter som er samfunnsnyttige. Andre måtar å premiera på bør også vurderast, særleg for bedrifter som driv med framtidretta berekraftig verksemd.

3. Klimasmart samferdsle

3.1. Hovudmål

MDG ønskjer å revolusjonera norsk samferdsle og gjera det enkelt og billeg å velja dei mest miljøvenlege transportmidla.

3.2. Fjelbergsambandet

Fylket har i realiteten avgjort at *Fjelbergsambandet* aldri skal byggjast, prosjektet må difor over på lokale hender. Kommunen må inn som garantist og pådrivar i eit selskap som har til føremål å realisera sambandet.

Prosjektet må omfatta fast vegsamband frå Sydnes over til Fjelbergøy og vidare over til Borgundøy. Ved å overta midlane som i dag går til drifta av ferjeruta, vil prosjektet langt på veg vera fullfinansiert.

Fjelbergsambandet er eit internsamband som kommunen vil ha svært stor nytte av. Det er framtidretta, fordi det medfører klimasmart samferdsle, fordi det reduserer kostnader for kommunen og for innbyggjarane, fordi det gir betre og sikrare skule- og arbeidsreiser, fordi det gir tilgang til eit svært vakkert område med stort potensial for bustadfelt og reiseliv, og fordi helsetenester og andre offentlege tenester blir lettare tilgjengelege for innbyggjarane.

Og ikkje minst fordi ei slik samanslåing av bygder gir oss alle større tilgang på felles ressursar. *Fjelbergsambandet* er ein god måte å byggja kommunen og landet på.

3.3. Haukelibanen

For ein del år sidan vedtok kommunestyret å stø opp om arbeidet med å få bygt *Haukelibanen* (www.norskbane.no). Det er på tide å setja kraft attom dette vedtaket, ved å kjøpa aksjar i selskapet, og elles yta årlege tilskot, slik dei fleste andre kommunar i nytteområdet gjer (Sauda gir t.d. 75 000 kroner i året).



Haukelibanen er eit snøggtoget som har reisetid 1:55 frå Odda stasjon til Oslo sentrum (same tid som Ølen-Oslo), og 36 min Odda-Bergen, og 59 min Odda-Stavanger.

3.4. Andre mål

Kvinnherad har i dag relativt gode kollektive transportløyningar ut av og inn mot kommunen, med snøggbåt mot sør/vest/nord frå Rosendal, Sunde og Ranavik, og austover med god busskommunikasjon med *Haukeliekspressen* i Odda. Dette tilbodet må oppretthaldast og vidareutviklast, slik at vi får endå meir klimasmart transport. Fokus må vera langt framme i tid når løyningar vert valde, vi treng ikkje fleire såkalla «mellombelse» løyningar.

Kommunen må snarast skifta ut alle tenestebilane med el-bilar, som er ei betre løysing med omsyn til miljøet. Leasing av el-bilar har dessutan vorte langt gunstigare for kommunane, både administrativt og finansielt, etter at staten fjerna moms.

MDG går inn for den såkalla «*Kvinnheradpakken*», men berre så langt prosjektet gjeld trafikksikringstiltak i eigen kommune. Transportløyningar utafor eigne kommunegrenser skal ikkje Kvinnherad delta i finansieringa av, med mindre det følgjer av overordna lover og vedtak, eller av avtalar som allereie er underteikna.

Arbeidet med tilrettelegging av sykkel- og turstiar må takast opp att. Sykkelmiljøet ved *Hydro Husnes* bør vera ein god inspirator.

Fleire ladestasjonar må plasserast i kommunen.

4. Livskvalitet

4.1. Hovudmål

MDG vil ha eit samfunn der folk har meir tid til kvarandre, heller enn å jaga etter meir meningslaust forbruk. Det er bra for kloden, men det er også bra for menneska.

4.2. Estetikk

4.2.1. Generelt

Kvinnherad er ein vakker kommune frå naturen si side. Kommunen må arbeida for og stimulera tiltak som også gjer det vakkert i nærområda der folk bur og ferdast. Estetikk i nærmiljøet må stå i høgsetet. Kommunale parkar og hagar må stellast skikkeleg med.



Det må dessutan opprettast ein byggeskikkpris og ein estetikkpris. Desse kan delast ut kvart år til ei bedrift, ein organisasjon, eller ein einskildperson.

4.2.2. Sentrumsmiljø

Alle bygder i kommunen må stimulerast til å laga eit triveleg sentrum. Det gjeld også dersom bygda er så lita at sentrum berre er eit vegkryss. Sentrum må vera ein stad der alle kjenner seg velkomne, uavhengig av alder og økonomiske og fysiske føresetnader.

Private og frivillige organisasjonar må engasjerast og dugnadsånda mobiliserast, lokalpatriotisme kan utnyttast på ein positiv måte. Å invitera til årleg konkurranse mellom bygdene om å ha den finaste samlingsplassen i sentrum, kan vera eit aktuelt tiltak.

4.2.3. Husnes Hotel

Husnes Hotel i noverande tilstand er ei skam for kommunen og for Husnes, men aller mest for hotelleigaren sjølv. MDG vil at kommunen skal setja inn alle relevante ressursar for å skaffa rivingsløyve, ved hjelp av PBL §31. Eventuelt kan ekspropriasjon vera aktuelt. Gloppen kommune er i same situasjon, med eit hotell som er eigd av same mannen som eig *Husnes Hotel*. Det er naturleg å gå i samarbeid med dei for å finna ei løysing.

Tomta etter hotellet kan brukast til sentrumsføremål. Det må koma minst eitt nytt hotell i ytre Kvinnherad, og same tomte kan vera eitt av alternativa.

4.2.4. Monsternmaster

Rådmannen har gjort eit administrativt utspel mot Statnett, i høve deira planar om storstilt oppgradering av kraftlinja gjennom Kvinnherad. Utspellet, som ikkje er handsama politisk, framstiller planane som akseptable, under føresetnad av at kommunen får noko tilbake.

Det rådmannen ønskjer å få tilbake er nytt ferjestø på Stord, pluss oppgradering av vegen Odda-Bergen. To prosjekt som ikkje har noko som helst med Kvinnherad sine plikter å gjera, og som dessutan er negative i høve til målsetnaden om meir klimasmart samferdsle.

MDG reagerer sterkt på eit slikt utspel frå rådmannen, og går definitivt imot planen. Ikkje berre er det altså snakk om ei linje som påverkar det estetiske i sentrale delar av kommunen, men det vil også gjera det vanskeleg å finna gode område til byggefelt og andre føremål, etter det rådmannen skriv.

Ingen stad skulle det liggja betre til rette for kabel i fjorden enn her i vakre Kvinnherad. For «Vakre Kvinnherad» vil vi gjerne at det skal heita også i framtida.

4.3. Aktivitetar og fritid

Kvinnherad er ein perfekt stad for natur- og kulturbaserte opplevingar. Dette må utviklast vidare, med tilbod som kan nyttast av innbyggjarane så vel som tilreisande. Tilhøva ligg godt til rette for grøne berekraftige aktivitetar.

MDG vil leggja til rette for natur- og kulturbasert opplevingsferie i nærområdet. Dette vil innebera mindre reising og meir oppleving i sjølve tidsrommet for ferien.

MDG går sterkt i mot søndagsopne butikkar, og vi vil gjerne premiera butikkar som ikkje har søndagsope. Vi ønskjer ikkje eit samfunn som skrur opp tempoet endå meir når det kjem til auka omsetnad og auka forbruk. Eit samfunn ope for rekreasjon og livskvalitet er vanskelegare å oppnå

når arbeidspresset aukar. Søndagen har dessutan tradisjon som heilagdag, fridag, turdag, familiedag, konsertdag, på hytta-dag, fotballdag, og mykje anna. Folk treng kort og godt denne dagen til andre aktivitetar.

Lengre opningstider fører oss i det heile lengre bort frå ei grøn framtid, slik mange andre blå-blå endringar i det siste har gjort. Det fører til større press på dei tilsette, på eigarane, på vareleverandørane, på barnehagar, og mange andre grupper. Alt dette kostar pengar, som kundane til slutt må betala. Det fører dessutan til mindre oppslutnad om andre positive aktivitetar, som då risikerer å måtta leggja ned. Når det også er på det reine at korkje kundar, tilsette, fagforeiningar eller eigarar ønskjer ordninga, så skal ho heller ikkje gjennomførast.

MDG vil leggja til rette for at folk kan ta ut meir fritid og kortare arbeidstid framfor høgare lønn.

4.4. Helse

Helsetenester må vera likt tilgjengeleg for alle, og difor, i hovudsak, gratis og offentleg finansiert. MDG vil leggja til rette for balanse mellom omsorg heime og på gode institusjonar. Førebyggjande helsearbeid, kunnskap om mat, trening og medisin, skal vera tilgjengeleg for alle.

MDG vil at eldre og pleietrengjande skal, så langt det let seg gjera, kunna velja kvar dei vil bu, og kva slags hjelp dei ønskjer å få.

MDG vil ha auka merksemd på psykisk helsevern, og spesielt innan barnehage og skule må dette få sterkare fokus. Ei god psykisk helse er grunnleggjande for alle barn og unge, men dei kommunale tenestene har diverre ikkje i stor nok grad prioritert dette viktige arbeidet.

Tilbod som *Fatland aktivitetshus*, *Fausk Gard*, *2kryss* og *Valekrossen skule*, fungerer godt og må difor stimulerast vidare. Fatland har til dømes eit fruktbart samarbeid med grunneigarar og frivillige, der alle yter sitt i form av pengeinnsamling, gåver og arbeidsinnsats med utbygging og drift. Kommunen får dermed meir att for mindre pengar. Det ligg føre planar også om samarbeid med andre private og offentlege instansar.

4.5. Alkoholpolitikk

MDG vil at kommunen skal ha ein alkoholpolitikk som tek omsyn til den einskilde sin rett til å nyta ei lovleg vare, og til reiselivsbedrifter som treng alkoholløyve for å gi eit forsvarleg og konkurransedyktig tilbod til kundane sine.

Men politikken skal også ha eit vake auge med skuggesidene som kan følgja med alkoholmisbruk, og til ei kvar tid vurdera utviklinga og tilpassa verkemiddela deretter. Å stimulera alkoholfrie tilbod og andre positive tiltak er ein god måte å unngå at folk kjem inn i negative miljø der misbruk av alkohol og andre rusmiddel er dominerande.

Det må vera gode grunnar til å nekta skjenkeløyve til ein søkjar som har alle kvalifikasjonane i orden, og som elles har eit tilbod som kan synast positivt for målgruppa. Men det må slåast hardt ned på misbruk av løyvet, ikkje minst dersom skjenking til mindreårige eller rusa personar finn stad, også etter at åtvaring er gitt.

4.6. Omsorgsbustader

For at utbygginga av omsorgsbustader skal gå fort nok, i høve til utviklinga av eldrebølgja og innbyggjarar med særleg trong, må kommunen leggja til rette for at dette kan gjerast også av private, men med høve til kommunal drift og eventuell seinare overtaking. Bygginga kan gjerast anten av byggefirma, eller av privatpersonar som vil syta for seg og/eller sin familie.

Retningslinjer for slik verksemd må utarbeidast snarast. Det vil vera i kommunen si interesse at så mange som råd nyttar seg av eit slikt opplegg, då det sparar kommunen for investeringar og andre ressursar.

4.7. Kultur

MDG meiner at kulturlivet er eit grunnleggjande element i samfunnslivet, som kan gi oss eit rikare liv. For å stø opp om eit aktivt kulturliv, krevst ein kulturpolitikk som opnar for mangfald og likskap. Kommunen må leggja til rette for dette gjennom gode stønadsordningar. Vi meiner også at alle innbyggjarane skal ha tilgang til eit breiast mogleg kulturtilbod så nær heimstaden som råd.

MDG ønskjer å vidareutvikla dei mange kulturtilboda i kommunen og det særst gode arbeidet som *Kulturskulen* står for.

Baroniet Rosendal er ein særeigen kulturinstitusjon av nasjonal verdi. Gjennom god leiing og stor innsats over mange år, er det blitt eit levande museum med konsertar, teater, kunstutstillingar, foredrag, kafé og overnatting. Dette skuldast i stor grad at private aktørar har stilt opp med rause pengegaver, og den offentlege støtta står diverre ikkje i forhold til den verdiskapinga kulturinstitusjonen representerer for Hardanger og Sunnhordland.

I tillegg har merkenamnet *Baroniet Rosendal* ein stor verdi i samband med marknadsføringa av Kvinnherad og regionen vår. *Baroniet Rosendal* er ein særst viktig kulturformidlar og fortener auka statlege overføringar både til drifta og investeringar i bygg og anlegg. Kvinnherad kommune skal vera ein viktig pådrivar for å få dette til.

I dag er det heile 12 kyrkjer i drift i Kvinnherad, som alle vert drivne med kommunen sine altfor små midlar. Tiltak bør setjast i verk slik at ein oppnår større aktivitet rundt kyrkjene, utan større økonomisk innsats. *Fjelberg kyrkje*, som i dag høyrer til i eit svært lite sokn, bør overtakast av *Stiftelsen Fjelberg Prestegard* og fungera vidare som ei kulturkyrkje.

Eldsjeler er drivkrafta i det frivillige kulturlivet. Det er alltid nokre som stiller ekstra opp for andre, og som legg mykje fritid og ressursar i å skapa livskraftige og gode lokalsamfunn. Gode døme er personane bak fleire idrettsanlegg rundt om i kommunen, *Valestiftinga*, *Steinparken*, *Vangssago*, *Galeasen Gurine*, *Halsnøybåten*, *Rosendalstiftinga*, *Klostervenene* og *Festidalen*. Eldsjelene fortener auka merksemd, og MDG ønskjer å premiera prosjekt der eldsjeler og dugnadsarbeid er sentrale element.

5. Sluttord

Vi i MDG vedgår at vi ikkje har komplette løysingar på alle utfordringane som møter oss. Vi vil difor ha ei audmjuk og lyttande haldning til så vel fagkompetanse og sivilsamfunnet, som til den internasjonale miljø-, freds- og solidaritetsrørsla, slik at politikken vår stadig kan utviklast i møte med ny innsikt og forståing.



MDG Kvinnherad er eit nyskipa partilag. Det kan difor vera politiske felt som enno ikkje har kome med i programmet. Andre felt kan vera utelatne medvite, fordi partiet ikkje på dette tidspunktet har teke klårt standpunkt. Partiet sine politiske representantar skal då vurderer kvar einiskild sak ut frå hovudmåla i programmet.

*Laget sin leiar er Svein Ingvald Opdal, Seimsfoss.
Kontakt han på telefon 92 85 62 37 eller epost kvinnherad@mdg.no.*

Dei fire første kandidatane til kommunevalet 2015 er:

- 1. Arne Gjerde, Arnavik (67)*
- 2. Eli Hårklau, Halsnøy Kloster (35)*
- 3. Jostein Saghaug, Uskedalen (48)*
- 4. Svein Ingvald Opdal, Seimsfoss (68)*